

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggeleg blad gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 4

August 1966

2. årgang

Har du tatt imot Jesus?

Av Gudmund Hjorthaug.

Les Johs. 1, 11 — 14

Etter dette ordet er det bare en ting det er spørsmål om når det gjelder vår frelse, og det er vårt forhold til Jesus. Om vi i vårt hjerte tar imot ham eller forkaster ham.

Her hører vi om to viktige ting som skjer med dem som tar imot Jesus. Det første er at alle dem som tar imot Jesus, *gir han rett til å bli Guds barn*. Retten til å vere Guds barn er det største og herligste et menneske kan eie for tid og for evighet. En rett som var tiltenkt alle mennesker fra evighet av, men som alle mistet i og med at de første mennesker falt i synd (Rom. 5, 12-18) Ved dette fallet ble hele slekten skilt fra Gud, og kom inn under syndens makt og syndens dom. Bare ved at synden ble sonet helt ut, og lovens krav ble helt oppfylt — kunne denne retten fåes tilbake. Men denne pris kunne ingen av oss betale. Dommen over synden er evig fortapelse for alle, og lovens krav er et hjerte og et liv som er helligt og fullkommen som Gud er fullkommen.

Hvordan kan vi som er onde oppfylle det?

Men — «det som ingen annen i verden kunne, det både ville og kunne han» — Jesus. *Han* tok hele dommen, og *han* oppfyllte hele lovens krav i vårt

sted, og vant dermed barneretten tilbake til hver eneste synder på jord. Og derfor står det: Alle dem som tok imot ham gav han rett til å bli Guds barn!

Bare ved å ta imot Jesus får vi barneretten, uten hensyn til vår verdighet eller uverdighet. Har du erfart dette?

Det andre som skjer med dem som tar imot Jesus er at de blir født — av Gud (vers 13). På menneskelig vis blir et barn enten *født* inn i familien, eller *adoptert* til barnerett og barnekår. I Guds samfunn blir barna både *adoptert*, — får rett, og de *blir født* inn i familien. Og slik må det være fordi at vi i syndefallet ikke bare mistet *retten* til å være barn, men vi mistet også det liv og den natur som kan leve i samfunn med Gud. Derfor sier *Ordet* at det naturlige mennesker kan ikke ta imot det som hører Guds And til (1. Kor. 2, 14) og at kjøt og blod skal ikke skal arve Guds rike (1. Kor. 15, 50) Derfor må vi få en ny natur som kan ta imot og leve sammen med Gud. — Og dette får alle de som i sannhet tar imot Jesus! De får del i guddommelig natur, og Guds And tar bolig i dem. Kjenner du til dette?

Det neste som dette ordet vil gjøre klart for oss, er hva det å ta imot Je-

sus egentlig består i. Og her er forvirringen stor i vår tid, og mange bedrar seg selv. Her tror og forkynner de fleste, at det å ta imot Jesus er det samme som å «bestemme sig», «sie ja til Jesus» og «ville bli en kristen». Når synderen er kommet dit, kommer Jesus inn, og så er han frelst. Derfor tror de at det viktigste av alt er å få sjelene til å bestemme sig.

Men er så dette etter Guds ord? Og fører det frem?

Her er det utallige som kan vitne at de *har* bestemt seg, og de *vil* bli frelst framom alt annet — men de er fortsatt uten den fred, hvile og visshet som frelste syndere skal ha etter Guds ord. Og her sier ordet at dette skjer ikke ved vilje (v. 13 og Rom. 9, 16). «Ikke ved makt, ikke ved kraft, men ved min And sier den Herre, Herre» — I Jesu samtale med Nikodemus i Johs. 3 om denne nye fødsel, sier han også at dette er et verk som Hellig-Anden alene kan utføre. Og både i ordet her (v. 14) og der i Johs. 3, 14-15 sies det klart at dette å ta imot og bli tilegnet Jesus består i at synderen får *se*, skue inn i, får openbaret for sitt indre menneske, at Jesus har sonet hans synd og ordnet saken i hans sted innfor Gud. Når dette går opp for hjertet ved evangeliet og Andens lys, da har synderen tatt imot Jesus slik ordet viser det. Da er han kommet til troen «på hans navn.» Da blir alt nytt, og han eier alt det som er lovet i og med Jesus. Eier så du alt dette?

Her spør nok mange med den sökende Nikodemus: «Hvordan kan dette gå til?» Hvordan kan jeg komme til Jesus på denne måte?

Her gis det bare et hovedsvar: Du må gi ordet fra Gud rett, samme hva det koster. Det er Andens verk hos deg når du er blitt villig å høre Gud til

hva det koster. Men om du dermed tror at du er en kristen — og andre tror det og — så tror du på din bestemmelse og din vilje istedenfor på Jesu verk for deg. Derfor kommer ikke Åden til i dette hjerte med evangeliet. Sålenge hjerte har den minste trøst hos seg selv, så er det stengt for Jesus, hvormye det enn vil, kjemper og ber.

Men der du for alvor prøver deg selv om du hver dag og stund er slik som loven krever av deg — ikke bare slik du tror du skal være for å få del i Jesus — der vil du få se at du ingen ting har annet enn synd. Der får du en tilstoppet munn for Gud. Der ser du at du er ugodelig og fortapt.

Men der sier evangeliet at Jesus er din, for han kom nettopp for syndere og fortapte, han døde nettopp for syndere, og han rettferdigjør ugodelige som ikke har gjerninger å vise frem (Rom 4, 4-5). Altså nettopp slike som deg, ja, nettopp deg som i din nød står for hans åsyn.

Dette skjer ved at han tilregner deg alt det Jesus er og gjorde. Du kan vite det, ikke fordi du kjenner det, men fordi Gud sier det i sitt ord!

Gud signe deg! Den som har Sønnen har livet!

Den einast vegen som fører mot målet

Av Jakob Traasdahl.

Av skrifta ser me kva som gir oss rett og frimod til å våga oss inn i heilagdomen hjå Gud. Det er det evige og alltid gjeldande soningsblodet som er bore inn i heilagdomen til utløysing og frelse for arme syndarar, og at me har

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : Stord

*S. Botnens Boktrykkeri, Stord*Red.: Amund Lid, Norheimsund
Eksp.: Margr. Skumsnes, Kårevik
Stord Postgiro : 42887, StordBladet blir sendt gratis til alle
som sender eksp. namn og adr.
Blir halde oppe med frivilj. gåver*Norsk Luthersk Lekmannsmisj.* :Formann : Olav A. Dahl,
boks 95, Stord. Tlf. 69Kass.: Sverre Bøhn, Norheimsund
postgiro nr. 68213Bankgiro : Vikøy Sparebank
Norheimsund 10093/955

ein trufast øvstestrest som har medynt
med oss og forstår å behandla synda-
ren og er mektig til å freksa.

Nå vil me prøva sjå på den vegen,
som aldri fører vill, men alltid fører
oss til det salige mål i himmelens hei-
lagdom. Apostelen seier om denne ve-
gen: «Som han har vigt oss *ein ny*
og levande veg til gjennom forhenget,
det er hans kjøt» (Hebr. 10, 20). For-
henget i templet skilde det heilage frå
det høg-heilage, og skrifta viser at det
var ikkje tillate for folket å gå inn i
det høgheilage. «Vegen til heilagdo-
men var ennå ikkje openberra, så lenge
det første tabernaklet sto» (Hebr. 9, 8).
Men ordet ovanfor viser at forhenget
var eit bilet på Kristi kjøt, det var år-
saka til at forhenget i templet rivna i
same stund som Jesus lekam vart riven
sund av døden på Golgata. Å, for ei
gripande, mektig og betydningsfull
sanning.

Det er truleg, at jødane anten sydde
samан det gamle eller skaffa seg eit
nytt forheng i templet, i staden for det
som rivna ved Jesu død. Såleis steng-
de dei friviljugt vegen inn i heilagdo-

men. Lat ikkje oss gjera det same, ved
i vantru å forkasta den frelse som er
oss gitt, og gå og venta på ein annan
veg som me skal vera med å få i stand.
Kristus stilte seg sjølv fram som mel-
lom-mann og forsonar mellom folket
og den heilage og rettferdige Guds
vreide over synda, som forhenget stilte
seg mellom den jødiske menighet og det
høg-heilage, der Gud hadde reist sin
kongsstol.

Når vår stedfortredar og mellom-
mann hadde «oppfylt all rettferd», so-
na synda ved sitt bold og ropa ut på
Golgata: «Det er fullført», då rivna
forhenget i templet frå øvst til nedst
og «rettferd og fred kunne kyssa kvar-
andre» og nådestolen i trua på Kristi
blod var reist. Vegen til den himmels-
ke heilagdom var opna for syndarar,
og Guds arm var atter fri til å ta syn-
daren i favn (Luk. 15, 20).

«Lovet og priset vere Lammet som
blev slaktet og har gjenløst oss til Gud
med sitt blod». Vegen til den himmels-
ke sæla sin heilagdom går gjennom
Jesu kjøt. Åleine på denne vegen er
me overbreidde og verna for lova sin
strenge dom, og for Guds rettferdige
vreide. Som ferdamenn på denne ve-
gen kan me ropa med apostelen: «*Er*
Gud for oss, kven er då i mot oss? Kven
vil klaga Guds utvalde? *Gud er den*
som rettferdigjer. Kven er den som
fordømer? *Kristus er den som har*
døytt, ja, *meir enn det*, som og *har*
stade opp att, som og *er ved Guds høgre*
hand, som og *bed for oss*». (Rom. 8, 31
33, 34)

På denne vegen kan me gå med fri-
mod og syngja med den kongelege sal-
meskalden: «Herren er min skjold, mitt
vern, mi tilflukt og min festning.» Som
ein soldat i krigstid går gjennom
løynde vegar og søker vern til alle
sider for fienden sine kuler, slik er ein

truande — midt i all sin vesaldom — autua og over ait verna av Jesu stedfortredande lyanad og lidning. Men sjelenenaden prøver ved list å føra os port fra denne vegen. I staden for å gøyma oss i Jesu sar og blod og ferdast i tru på Kristi lyanad og lidning, så prøver fienden å fa oss til å leita etter noko hjå oss sjølv til å lita på og finna trøyst og gieda i — som t.d. nådens verk i oss. Då varer det ikkje lenge før me er ute i søkkjedya og nede i den tynande grava som Herren ein gong drog oss opp frå (Salme 40, 3)

Det er *ikkje nådens verk i oss*, men *Kristi verk for oss*, som er trua sin grunn — berggrunnen me kan stiga på. Det går ikkje å setja ein fot på oss og ein på berget — Kristus, sjølv om mange synest det er det tryggaste. Alt i oss er uthyrt og sviktande, det er åleine på berget Kristus me står trygt og at Gud legg ein ny song i vår munn. Jesus seier ikkje at eg er *ein* veg, som om det skulle vera fleire, men han seier: «Eg er *vegen* — den *einaste* som fører til Faderen.

Her burde me alle stansa opp og prøva oss sjølve. Kva veg er det hjarta vårt, med si tru, sine lengslar, ynskje, og håp, ferdast på? Er Jesus vårt «alt i alle», eller heng hjarta ved noko i vårt kristne liv og vår teneste? Når me talar og vitnar — ikkje det som me har kunnskap om, men det som er vårt liv og eig vår interessa, kva er det som mest vekkjer vår undring og beundring? Er det det djupe, skjulte og saulige Kristi evangelium? Er det Jesu kjærleik og hjartelag som openberrar seg for oss i lag med syndarane? Når me er mest fri og utan tvang, kva lyser då mest for oss? Når hjarta av fri vilje hengjer ut sitt skilt, kva er då innskrifta? Kan dei som er røynde i Andens skule lesa utanpå oss: Ein fattig

syndar, som ingen ting er, som Kristus er ait i alle for? Kan dei i heile vårt vesen og var tale kjenna angen av ei fattig and, som åleine har sitt liv i Kristus rettferd? (Rom. 8, 10).

«Det som hjarta er fullt av, det talar munnen». Det er ei sanning som ingen kan røra ved. Det som ligg vårt hjarta næraast, det vil angi heile vår livsretning.» For der skatten er, der vil og hjarta vera», seier Jesus. Er Jesus vår skatt og livskjelda, då kan me ikkje anna enn syngja om han både først og sist. Måtte så han «som ransakar hjarto, og veit kva Anden trår etter få ransaka oss, så me ikkje går med rette meininger og læresetningar om vegen til livet og likevel fer vill i hjarta. Det er vel klart at det kan ikkje stå vel til i hjarta hjå den som talar om seg sjølv, om å døy bort frå synda, sin kamp og strid, kross og trengsel, i staden for å tala om Jesu Kristi offerdød, forlating for syndene, barnekår og rettferd i Kristus.

Me må ta oss i vare for at den vegen som heiter Jesus, ikkje ligg i vegen for oss og blir oss til anstøt. Her er det åleine tale om *hjarta sin veg* — ikkje hovudet, for du kan gå ein veg med din forstand og kunnskap og ein annan med hjarta. Det går an å vera lite kjend med og ha lite lys over evangeliet sine sanningar, men endå eiga eit hjarta som lever i og trøstar seg til Jesus. Like eins kan du ha stor kunnskap og vera dyktig til å tala om evangeliet som frelsesveg, og endå ha eit hjarta som ikkje er rett for Gud — eit hjarta som er oppblåse av eigenkjærleik og tillit til seg sjølv.

«For eg vil ikkje vita noko anna hjå dykk enn Jesus Kristus og han krossfest», seier Paulus. Og at hans vitnemål er sant, det kan me sjå av at han vitnar ein annan stad: «Eg er kross-

fest med Kristus, eg lever ikkje sjølv meir, men Kristus lever i meg» (Gal. 2, 20). «For meg er livet Kristus, og døden ei vinning» (Fil. 1, 21) Denne vegen kallar skrifta *den nye vegen*, og den er ein motsetning til den gamle lova sin veg.

Den gamle vegen.

Om denne vegen seier apostelen : «Dermed syner den Heilage Ande dette at vegen til heilagdomen endå ikkje er openberra så lenge det fremste tjeldet stend. For det er eit bilete alt til den neverande tid, og i samhøve derved vert både gávor og slaktoffer framborne, og like vel ikkje kan gjera den fullkommen etter samvitet som tener Gud» (Hebr. 9, 8—10).

Her hører me at dei som gjekk og enno går på den gamle vegen, dei *kan ikkje bli fullkomne etter samvitet*. Dvs. dei kan ikkje få ein varig fred og lækjedom for hjarta. Jødane ofrar og ventar på ein frelsar som skal koma, endå han er komen, og dei som er på den nye vegen gler seg i eit fullkome offer og ein fullkommen frelsar og har fått lækjedom i hans sår.

Men er det å ofra til og venta på ein frelsar som kjem, kjenneteiknet på dei som går den gamle lova sin veg, då er eg redd at det finst altfor mange på denne vegen. Slike som held seg til offer og gáver, som ikkje kan gjera dei fullkomne etter Guds ord og eit oppvekt samvit. Slike vanærar Jesus, det sanne offerlambet.

Korleis er det med deg som les dette? Held du på med arbeidet ditt, dine bøner, di omvending og strev med å bli betre, så du kan tru deg frelst og få vissa om barnekår hjå Gud? Då er ikkje den nye vegen inn i heilagdomen openberra for deg, og det gamle tjeldet står enno for deg. Det er ikkje å undrast på at du ikkje kan bli fullkommen

etter samvitet, og lyt gå fredlaus og ulukkeleg under byrda av di synd. Ditt håp står til framtida og den innbilte frelsa du der ventar å finna.

Den nye vegen.

Denne vegen har alltid vore, og vil alltid bli, ein veg som dei fleste misstrur og er redd for. For dei «som ikkje kjenner Guds rettferd, men strevar etter å grunna si eiga rettferd», vil han alltid synast å vera den lette vegen. For sit ikkje hjarta fast i di eiga synd si søkkjedy, så vil det alltid vera fullt av tillit til deg sjølv og til din eigen styrke. Sjølv om det rosar og prydar seg med å vera audmjuk og ándeleg fattig, så vil det alltid vera eit sterkt og ubrote hjarta, som alltid talar om å vera og gjera for å få rett til å tru på Jesus. Den som tenkjer og trur å vera så mykje omvend at han kan tru seg som eit Guds barn, han må alltid tenkja over at eit slikt hjarta er ikkje ein kristens, men det er ein farisears hjarta. Men er du ein som tvilar på alt ditt eige, kjenner deg ulukkeleg og dømd i samvitet, til tross for alle dine offer og gáver, bønealvor og angeren og tårene at du er ærleg, hatar synda og gjer det som er rett og godt, då er den gamle vegen stengd for deg og di gamle vonn ligg i døden. Det er den Heilage Ande som har stengt vegen for deg, og først her kan han få openberra Kristus for sjela di — han som er den nye og levande vegen. I staden for den gamle vona som var grunna på oppreisning av sjølvlivet, kveikjer Anden ei ny og levande von, som er grunna på Jesu Kristi oppstoda frå dei døde.

Også hjå ei slik finst det nok bøn, alvor, ærlegdom osv. men det er ikkje slik bøn, alvor og ærlegdom som du finn trøst i og kan bera fram som offer for Gud. Rett alvor og sann ærlegdom viser seg i at du finn ikkje anna hjå

deg sjølv enn synd, uærlegdom og mangel på alvor

Denne vegen kallar skrift den *levande* vegen, for å gi til kjenne at Jesus er vegen og at Jesus lever. Om du som er komen inn på denne vegen ofte kjenner deg død og kraftlaus i deg sjølv, så er *vegen levande* og ber deg oppe og fører deg heimover til Gud. Seier ikkje Jesus «Eg er vegen», og likeeins at når han har funne lambet sitt så tek han det på herda og ber det heim (Luk. 15, 5).

På den gamle vegen treng du god helse og sterke føter og sterke krefter. Men på den nye vegen lyder det: «Høyr, så skal sjela di leva.» Her blir du ikkje liggjande att kraftlaus og hjelpelaus, men det ber alltid framover og heimover. Kristi kjærleiks nye liv tvingar oss, så me ikkje lenger lever for oss sjølve eller for verda, men me lever for han som døydde og sto opp att for oss.

(Omsett etter: «Veien mellom afveiene.»)

LOVENS TRE BRUK

Av dr. philos. Olav Valen-Sendstad

Stedfortredelsens pakt — kristenstandens grunn.

Den pakt Gud stiftet med Israel efter utgangen av Egypten, ved Sinai, med Moses som mellommann, hadde to hovedsider. Man har fra gammelt av kalt den ene side for ceremonialloven, den annen for moralloven. Man kunne og kalde den ene for kultusloven eller gudstjenesteloven eller den religiøse lov, og den annen for den sedelige eller etiske lov. De to sider hører nøyne sammen. La oss si noen få ord om hver av dem.

a) *Ceremonialloven*: Allerede ved utgangen av Egypten, ved selve den forløsning de da opplevde, åpenbarte Herren at Israel skulle gå fri fra dødens og dommens morderengel alene derved at der ble slaktet et påskelam, hvis blod ble smurt på dørpostene (2. Mos. 12, 1 flg.) Således skulle de skånes og verges mot Guds vrede ved en stedfortreders død istedenfor den førstefødte i husene. Om der fantes idel helgener i Israels hus, så måtte de om-

komme, hvis der ikke var blod på dørpostene. Men hvor blodet var, der ble også bering og frelse selv om det var idel syndere som var skjult i disse hus. — Dette påskelam var intet annet enn et forbilde på Jesus (1. Kor. 5, 7), så at Guds sønn var nevnt i dette forbilde som om han allerede var kommet.

Da nu Israel kort tid etter kom til Sinai, så ble hele den stedfortrederloven, som Herren hadde vist Adam og hans etterkommere i dens hovedsak, åpenbart i hele sin forbilledlige fylde: med ypperstprest og offerlam, med tabernakel og alter, med nádestol og paktesblod, (2. Mos 25 — 30; 3 Mos. 1 flg.) I alle disse lover og anordninger, som det «moderne menneske» finner «foreldet», «primitive» og til dels ser som tegn på et lavt «utviklet religiøst kulturtrin», var det ingen annen enn Guds Sønn som ble nevnt for folket som en evig stedfortreder (Hebr. 7, 1 flg.) Ti det har alt sin oppfyllelse i ham, han som er den sanne ypperstprest og det sanne offerlam, han hvis blod er det

sanne paktsblod (Mat. 26, 28), han som gikk inn i det evige tabernakel, Guds helligdom i himmelen, for Guds åsyn. (Hebr. 9, 24.)

Forsåvidt som Jesus var nevnt for Israel i disse ofre, og forsåvidt de ble bragt i troen på den ventede Messias, forsåvidt kom der og ved dem syndernes forlatelse. Men hvor der vel var offerhandlinger, men ikke tro i Ordet, der kom heller ikke noe annet enn påminnelse om synder. (Hebr. 9, 24)

8) *Moralloven*: Denne lovs fremste bestanddel var de ti bud, som Moses fikk av Herren, skrevet på stentavler. (2. Mos. 20, 1 flg.) Og gir vi akt på denne lov, så skjønner vi ikke bare at det er den samme lov som fra begynnelsen var skrevet i Adams hjerte, men vi skjønner tillike at den egentlig ruller opp for oss billedelet av et i sannhet *hellig, rent, rettferdig og fullkommen menneske*. Og at det i denne lov fra Guds side slett ikke dreide seg om noe nytt som aldri hadde vært i verden før, men om en *stadfestelse* av de tanker han opprinnelig hadde tenkt om en kristen, det ser du derav at liksom Adam var fullkommen før fallet, fordi Gud ville ha samliv med en fullkommen skapning, således kom nu også denne lov med kravet om intet mindre enn *fullkommenhet*. — Det er dem som mener at det først er Jesus som har tolket loven så høy og hellig at den krever fullkommenhet av oss. Men det er det slett ikke. Ailerede Moses har meget klart sagt at loven sikter på fullkommenhet. Riktignok bruker han ikke ordet «fullkommen», men han bruker slike ord som «hellig», «gjøre alt», «holde alle bud», osv. Nettopp i dette krav om at vi skal *gjøre alt, holde alt*, ligger sannelig et klart fullkommenhetskrav (2. Mos. 4, 2). Det er et varsel om at de ikke skal gjøre kravet mindre

enn det fullkomne, og at de ikke skal tro at det trenger å forbedres som om det ikke var fullkommen. Når derfor Jesus senere sa: «Vær fullkommen!» (Mat. 5, 48; 19, 21), da hverken brakte han noe nytt eller forbedret Moses, men han drog etter frem sannheten av det støv hvori de skriftlærde hadde trampet dem ned, og som de kalte sin «overlevring». Og dette fullkommenhetskrav burde idag med rette lyde mot alle disse religiøse hyklere og moralske lovtrekkere som vil lære folk opp til å bli kristne ved det de gjør selv eller ved noe som er i dem selv. For når dette går rett opp for hjertet, og en hører at selv bergprekenen, som så mange driver et slags koketteri med uten å mene noe med det, krever det fullkomne, da fortviler vi på all moral og religiøsitet. Det hadde Paulus gjort, ti han hadde sett at det var alvor med at loven krevde fullkommenhet. (Gal. 3, 10) Også Jakob hadde skjønt at dette var alvor. (Jak. 2, 10)

Så er da loven intet annet enn bildelet av det *fullkomne menneske*.* Og vel å merke: Ikke bildelet av bare et fullkommen *utvortes* liv, som alle fariseere i alle dager har ment (Mat. 23), men bildelet av et fullkommen *innvortes* liv, bildelet av et helt rent sinn, et helt hellig hjerte, et helt kjærlig sinnelag. Da Paulus hadde fått øye på at loven krevde et fullkommen *indre* hjerteliv, da sa han: «Vi vet at loven er åndelig, jeg derimot kjødelig, solgt under synden.» (Rom. 7, 14) Og Jesus stadfestet også dette at hvis ikke loven oppfylles i et rent sinn og i et full-

* Derfor har Gud nettopp i og med loven fastholdt og sagt at han vil ha samliv med en *fullkommen* skapning. Den tanke hos Gud står altså ved lag nu *etter* fallet, som den også gjaldt *før* fallet.)

komment hjerte, så er det intet (Luk. 10, 27 flg.)

Men nettopp dette at loven krever *fullkommenhet* — og legger all ufullkommenhet inn under den evige dom og død — det kaster nu først for alvor det rette lys over loven og kristenstanden.

Når jødene rev loven ut av dens sammenheng med de andre pakter, og hørte bare alle lovens «du skal» og «du skal ikke», da sank de ikke bare ned i den lovtreldom hvori de er fangne til denne dag tilliket med alle Adams etterkommere i kjøtet også i vårt land, men de *hørte* ikke loven rett. Og det gjør ingen «lovtrell». For til alle som vil bli frelst ved det de gjør, opplever eller ved det som er i dem selv må en spørre med Paulus : «Si meg, I som vil være under loven, *hører* I ikke loven?» — Nei, det er nettopp det som er i veien. De vil ikke høre den for alvor, de vil bare høre den til litt kløe for kjødet, så vidt at de kan innbille seg at de mener det alvorlig.

Dog, I som vil så gjerne bli salige ved noe i eder selv og av eder selv : bruk dog loven rett. Hør at den vil enten ha eder fullkomne — eller sende dere til helvedet. Vilde I høre den rett, om så bare et øyeblikk, sier vi, så vilde I måtte medgi : Nei, sannelig, såsant Gud lever og er til — det er en umulig ting at jeg kan bli frelst ved noe av eller i meg selv; for jeg er aldeles fordømt og fortapt til den evige død under Guds dom og vrede.

Hvad vil da Gud med loven til oss? — Han har gitt oss den for syndens skyld (Gal. 3, 19), forat overtredelse og synd skulle bli åpenbar ved den, forat du og jeg skulle få se synden som synd, og slutte å pynte og smykke den og oss selv, forat synden skulle bli «overvettes syndig ved budet.» (Rom. 7, 13) Derfor

har Gud holdt loven og sitt krav om fullkommenhet frem for oss som et speil, forat vi i dette speil rett skulle se hvor bakvendte og forkjærte vi er, hvor fulle av synd og ondskap. For om noen måler sine synder på en nabos og et medmenenes feil og brøst, så kan det hende en ble noe av en helgen. Men når enhver skal få lov å måle og speile seg i Guds lov om fullkomne hjerter, da skal alle egenrettferdige helgener snart få en brå ende og bli arme og fortapte syndere som roper om nåde. Ti loven er ikke gitt for å gjøre noen salige. (Gal. 3, 21.) Den er med sine høye krav om fullkommenhet ganske maktesløs til å frelse noen på grunn av kjødets store dårlighet og arge fiendskap mot Gud (Rom. 8,3), Derfor er da loven ikke gitt oss til noe annet enn at vi i den skal erkjenne våre synder og overtredelser mot livets store Gud (Rom. 3, 20); *) og den er gitt oss av Gud for at det om mulig skulle bli satt en knebel i munnen på all egenrettferdighet alt nu i tiden, så enhver munn kunde bli lukket og den hele verden bli skyldig for Gud. (Rom. 3, 19). Og får ikke loven kneble et menneske nu, så skal den visselig gjøre det på Jesu dag. Men da er det også for sent å rope om nåde. Da finnes der ikke mere rum for noen bot og anger.

Dette vil vi kalle LOVENS FØRSTE BRUK, at den nemlig er gitt til syndserkjennelse, til erkjennelse av den fullkommenhet vi har mistet.

Men loven har også *en annet bruk*, nemlig den som Jesus omtaler når han sier om seg selv at han er kommet for å oppfylle loven. (Mat. 5, 17). Og for-

*) Her skal vi erkjenne det Guds billede vi har *mistet*. Her skal vi erkjenne den fullkommenhet vi er *skapt i*, men som vi kastet fra oss i syndefallet.

di han har oppfyllt den hele lov, derfor er loven sannelig et sant bilde av alt hvad Jesus har levd, gjort, vært og oppfylt. Til alle de skildringer av hans liv som du finner i de fire evangelier, kan du også i alle ting finne en skildring av hans hjertelig og vandel i loven. For likesom loven viser hva vi ikke er, så viser den hva Jesus er og var, at han var den sanne «kristen».

Det er altså de to bruk av loven: den har sin anvendelse til å male og skildre det du ikke er, dine synder og overtrødelser — og det er lovens første bruk; men som det annet har loven sin anvendelse til å skildre, male og vise alt hva Jesus er og var, hans rettferdighet og hellighet — det er lovens annen bruk.

— — —

Vi spurte ovenfor hva sammenheng der er mellom ceremoniloven og moralloven. Og nu kan du se det.

Ceremoniloven krevde at syndofferet skulle være lytefritt, hellig og rent. Når da Jesus kom for å oppfylle begge sider av loven, da ble han just ved å oppfylle moralloven det rene og hellige, lyteløse offerlam. Derfor har de to lover sin dype sammenheng i Jesu person og verk. Den hele lov er etter alle sider oppfylt av ham som er blitt vår stedfortreder. Og fordi han har oppfylt den lov, derfor er vi også frigjort og løst fra den hele lov. Den er oppfylt i vårt sted. Og dermed skal vi eie syndernes forlatelse og rettferdighet for Gud. Og hvor noen i troen mottar denne Guds Sønn som oppfylte alt i deres sted, der kommer ikke bare tilgivelse og nåde, men der kommer også en ny fødsel og en nyskapelse i det indre menneske, en begynnende gjenopprettelse

av Adams fall, den nye «kristenstand» for syndere.

Her forteller Skriften oss, at ved denne nyskapelsen i troen blir loven atten skrevet inn i den gjenfødtes hjerte på en ny og klar måte, i en villig ånd, i et lydig sinn, i et troens hjerte, forat vi skal vandre i alle gode gjerninger som Gud har skapt oss til og undervist oss om, idet han har renset våre hjerter og gitt loven derinne på en ny og herligere måte. Og dette er nu *lovens tredje bruk*, at den ved troen og gjenføden skrives inn i våre hjerter (Heb. 8, 10).

Matte vi rett lære å skjelne mellom disse tre arter av lovens anvendelse og bruk:

at den for det første ved sitt fullkommenhetskrav er satt til å overbevise det uomvendte, naturlige menneske om synden (1. Tim. 1, 8 flg.)

at den for det annet er satt til å skildre og male hva den fullkomne Jesus har vært som vår stedfortreder (Gal. 4, 4 flg.),

og at den for det tredje er skrevet i alle de kristnes hjerter med en frivilig ånd og en hjertelig lyst til å gjøre den og jage etter det fullkomne (Jer. 31 33)..

Når et menneske lærer å skjelne her, da er det en herlig frukt av den Hellige Ånds gjerning i det menneskes hjerte, og det er en kunnskap som i sannhet er verdig den frigjørelse vi har i «livets Ånds lov i Kristus Jesus»

(Utdrag fra «Rettferdiggjort av tro», Oslo 1938.)

Misjonær Edin C. Alfsen

Særpreget pionermisjonær er gått bort



Misjonær Edin C. Alfsen døde 18. aug. på Rochester Hospital Minnesota, vel 70 år gammel.

Med Edin Alfsen er en særpreget personlighet — en pionærmisjonær gått bort.

Alfsen var født i Skogn i Nord-Trøndelag. Hans far var emissær i Den Indre Sjømannsmisjon og en avgjort Guds ords forkynner. Denne egenskap var også Edin Alfsen besjelet av etter at han i unge år opplevet et klart evangelisk gjennombrudd.

Etter endt utdannelse ved Det Norske Diakonhjem reiste han i 1922 etter Guds kall, via USA til Kalgan i Kina som misjonær i Den Norske Misjonsallianse. Her ble han gift med Ethel Oakes som også var misjonær. I 14 år virket han så ved den mongolske grense og var misjonens tilsynsmann.

Da han kom hjem på ferie, gjorde han kjent at han hadde kall til Tibet. Men for å realisere det, måtte han stifte et nytt misjonsselskap, Den Norske Tibetsmisjon.

I 1938 reiste han ut igjen, mens familien ble i Norge. I grenselandet mot Tibet kom Alfsen i mange vanskelige situasjoner. Under krigen ble han fengslet av kommunistene. Men han hadde i disse situasjoner fått opplevet at Herren bevarer og utfridde, men hans fysikk hadde fått en knekk. Etter

loslatelsen reiste han til Amerika, ble gjenforenet med familien, og tok arbeid på en klinikk.

Men bevisheten om at der var 25 millioner kinesere utenfor Kommunist-Kina som fremdeles kunne nærs med evangeliet, ga ham ikke ro. I 1958 reiste han da sammen med hustruen og en datter til Formosa. Men etter kort tid der, ville han prøve å finne et felt med mindre eller ingen evangelisk virksomhet. Han ble da på underfull vis ledet til Malaya der han opprettet misjonsstasjonen i *Batu Gajah* i staten Perak, og grunnla Malaysia Faith Mission. Her fikk han flere innfødte medarbeidere. Men den intense virksomheten i det fuktige tropiske klima tok sterkt på hjertet.

Etter et rekreasjonsopphold i USA, ble det en ny og hektisk, men kortvarig periode i Malaya. Bl.a. ble det også opprettet en misjonsstasjon i staten Pahang.

Imidlertid så Alfsen det nå som sin viktigste oppgave å holde misjonsarbeidet rent for infiltrasjon av vranglerdommer slik han mente de kommer gjennom forskjellige teologiske retninger og de store kirkelige sammenslutninger. Han fortsatte denne kamp etter han kom hjem i 1965.

Han hadde den store glede å se at likestinnede kom for å overta det arbeid han hadde grunnlagt i Malaya. Men han mente at tiden herefter er kort, og at det gjelder å benytte anledningene mens de er der. Om seg selv sa han til hustruen få dager før han døde at hans arbeid var fullført. (I brev ga han også uttrykk for sin store glede

Årsmøtet

Som ein veit, vart årsmøtet halde i samband med sommarskulen i Namsos, frå 20. til 24. juli i år.

Endå det var «langt mot nord», var framsmøtet godt, også søranfrå, kring 200 innmelde.

Årsmøtet var då laurdagen 23. juli. På dette møtte mellom 150 og 200 stk. Og veneflokkane frå ulike kantar av landet var bra representerte. Reidar Linkjendal opna med andakt. Formannen blei vald til møteleiar. Årsmøtet vedtok å sløyfa avisreferat frå møtet, då det ikkje hadde stort for seg. Th. Torsen blei møtereferent.

—Meldinga frå årsmøte til årsmøte, som form. bar fram munnleg, viste eit vanleg år, med vitjing av veneflokkane og ymse nye stader. Mange åpne dører, men framleis motstand og isolasjon. 4 påskemøte og 3 sommarskular, med gledelege rapportar. I året hadde styret m.a. fått i gang ein lydbandsentral med Margrete Skumsnes, Stord, som styrar. Lønsregulativ for arbeidarane var vedteke

Rekneskapen ballanserte med vel kr. 159 000,—. Det var ein auke på vel kr. 20 000, i gåveinntektene frå året før.

Melding og rekneskap for bladet visste ein frivillig kontingent på vel 5 000,- kr. som godt dekka utgiftene. Bladet

over det samarbeid som var kommet i stand med misjonær Bø og Norsk Luth. Lekmannsmisjon, samt at dette ble godkjent av N.L.L.'s styre og årsmøte.)

Nå er han gått inn til hvilen etter en slitsom og oppofrende arbeidsdag. Må mange ta arven opp, og må fred og velsignelse følge Edin Alfsens minne.

Viktor Lassen

blir nå trykt i 2000 ekspl. Årsmeldinga og rekneskapane vart godkjende utan merknader.

Ytremisjonen. Andreas A. Bø.

På årsmøtet i fjor vart vedteke å senda Bø som misjonær til Formosa. Han kunne dialekten der og hadde innreiseloype. Vegen vart lagd over Amerika, der han stansa, og er enno. Grunnen til at han ikkje kom vidare, er at innreiseløyvet hans ikkje var arbeidsløyve. Til det måtte han ha ein personleg garantist buande på Formosa. Bø vende seg då til fleire av dei misjonærane han kjende der ute, både norske og amerikanske. Men alle sa nei. Dei ville ikkje leggja seg bort i «striden mellom Misjonssambandet og Lekmannsmisjonen». Dessutan var det helst for mange misjonærar der frå før, vart det sagt. Siste forsøk var då ein søknad om visum direkte til utanriksdept. på Formosa med garanti frå styret og banken heime. Men det og vart avslag, (som kom straks før årsmøtet), med den grunngiing at dei måtte ha ein personleg garantist.

Bø byrja om ei tid å sjå seg om etter andre felt, og vart leida mot Malaysia, der folket er 37% kinesarar. På underleg vis kom han så i kontakt med ein misjon som kallar seg Malaysia Troes Misjon der dei sa seg villige til å garantera for visum i Malaysia.

Då dette er ein alliansemisjon, vart det noko debatt på årsmøtet om eit samarbeid her var rett ettersom Lekmannsmisjonen er luthersk. Men då me etter konferanse med leiarane for Malaysiamisjonen er sikra full fridom til å forkynna og verka etter vår lutherske vedkjenning, vedtok årsmøtet med overveldande fleirtal — berre 11 røysta mot — å gå inn i eit slikt teknisk samarbeid med Malaysia Troes Misjon, om visum blir gitt. Årsmøtet

ARSMØTET — framh. frå side 47.
meinte dette måtte sjåast som ei dør
Herren hadde opna etter at Han hadde
stengt til Formosa.

Styreval. Ut av styret gjekk John Bratland, Bangsund, og Aanen Kolnes, Randaberg. Valde vart: John Bratland, og Tore Harestad, Randaberg. - Elles i styret: Olav A. Dahl, Stord, form. Amund Lid, Norheimsund, nest-form. og Juel Isaksen, Sannidal.

Revisorane for hovudkassen og blad-reknesk. vart alle attvalde. Årsmøtet neste år vart etter innbyding lagt til Sannidal, 19. til 23. juli. O. A. D.

Rettferdighetens tjeneste

Mel.: O, Hellig-ånd, du skatt så skjønn

Rettferdighetens tjeneste
er for en frigjort synder
den største og den eneste
hans knuste hjerte ynder.
For lovens bud og streng bokstav,
formaningsord med hellig krav
til døden snart ham bøyer.

Men der i dødens nød han ser
hva lovens bud forlanger.
Om ikke allting oppfylt er
så hjelper ingen anger.
Den som seg klær med lovens bud
og vil med det behage Gud
må Herrens vrede bære.

For Gud til liv og guds frykt gav.
Vi intet kan fortjene.
En frigjort synder ser Guds krav
lå på Guds sønn alene.
Nå kan han derfor vise veg
for den som her forviller seg
blandt tidens mange røster.

I Åndens nye vesen vil
han rett sin frelser tjene.
Med Kristi sinn han hjelper til
så vi for Gud står rene.
Vi lett kan stå i egen drakt
og tjene under lovens pakt
for evig selvbedraget.

Rettferdighetens tjeneste
vil salt og lys få være,
og dømme selv det reneste
vi vil for Gud frem bære.
For Kristus gav seg selv til drakt
for synder stor i Nådens pakt.
I ham vi trygt skal vandre

Kristoffer Høye.

Reiseruter

for arbeidarane i N. L. Lekmanns-misjon, hausten 1966 :

1. Jon Berg : Namdalen, Trondheim, og nye stader etter som det høver.
2. Ole Brandal : Oslo - Østfold, Sunnmøre, saman med Hjorthaug, Hardanger
3. Anders Eide : Sannidal i Nov. Til disposisjon.
4. Gudmund Hjorthaug : Sunnmøre, Haugesund og omegn.
5. Amund Lid : Sogn og Masfjorden, Agder.
6. Reidar Linkjendal : Hardanger, Sunnhordland
7. Godtfred Nygård : Sannidal 14 dag i sept., Rogaland, Hardanger.
8. Margrete Skumsnes : Namdaler Trondheim o.as. etter samråd mea form.
9. Olav Aakhus : Trondheim i sept. Sunnhordland i nov.—des.

Etter at bladet er gått i trykken, er
det kome denne meldinga :

1. Misjonær Bø har fått visum til Malaysia, til stasjonen *Batu Gajah*, for eitt år. (Alfsen skriv i brev at dei gjev visum for eitt år, men at det kan fornyast.)